

**Truleg lys imorgon til Beinavikjo**

08.12.2011

**Truleg blir lyset ned til Beinavikjo frå fylkesvegen slått på fredag, men heilt sikkert er det ikkje. I alle fall er leidningane og dei 6 lampepunkta på plass no, melder Kvinnherad Energi. Dermed er eit prosjekt osm har vore etterlyst i minst 20 år endeleg på plass, seier glade oppsittarar til uskedalen.no**

Vegen til Beinavikjo har vore eit bokstaveleg tala mørkt punkt i lysnettet i bygda og det har vore problematisk å ta seg fram i vinterhalvåret og særleg då i midtpartiet av vegstrekninga.

Kostnaden på 70 000-80 000 er det kommunen som har teke. opplysar Gerhard Myklebust i KE,

- Gleda er stor i området, Myklebust..
- Det er bra, men eg må minna om at det også er mange andre som ventar på gatelys

Av Ola Matti Mathisen.